



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Høring - Alver - kommunedelplan for oppvekst

Vi viser til brev frå kommunen datert 06.10.2022. Saka gjeld offentlig ettersyn for kommunedelplan for oppvekst.

Kommunedelplan for oppvekst byggjer på målsetjingar og strategiske prioriteringar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei overordna føringane i samfunnsdelen er knytt opp mot FN sine berekraftmål, og samfunnsdelen skildrar strategiar vi skal ta i bruk for å nå målsetjingane i planen.

Kommunedelplanen for oppvekst er eit verktøy både for det daglege og langsiktige arbeidet i tenestene og skal vere eit konkret arbeidsverktøy der ein kan sjå samanhengar i staden for enkeltsaker. Dokumentet dannar utgangspunktet for verksemdsplanar på teneste- og avdelingsnivå innan sektoren.

### Statsforvaltaren sine merknader

Statsforvaltaren er positiv til at kommunen prioriterer å utarbeide ein kommunedelplan for oppvekst.

Planen ser gjennomarbeida ut, men vi saknar ei klar kopling mot kommunen sin folkehelseoversikt. Vi opplever likevel at planen bygger på eit solid kunnskapsgrunnlag.

Det hadde også vore positivt om planen hadde ei kopling mot kommuneplanen sin arealdel. Sjølv om dette i hovudsak er ein plan for tenestene i kommunen, kan arealdelen vere viktig for å sikre ein betre kvardag for barn og unge. Ein del av kunnskapen som kjem fram i denne planen, vil vere viktig for vurderingar i arealdelen. Vi tenker mellom anna på å ta vare på «grøne lungar» rundt barnehage, skule og nærmiljø, trygg skuleveg, godt kollektivtilbod, tilgang på natur, badeplassar, opne gardar og uformelle møteplassar, som er noko som vert trekt fram i medverknadsprosessen. Dette er viktige signaler frå barn og unge, som kan påverke vurderingar rundt arealbruken i kommunen, både i kommuneplanen og reguleringsplanar.



Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN